DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dato: 31.10.2018 Vår ref: 18/04013-4 Dykkar ref:

Reguleringsendring for varehuset Brødrene Wangen - Fråsegn med motsegn frå Bjørgvin bispedømeråd

Vi viser til dykkar brev dagsett 31. august med detaljreguleringsplan for reguleringsendring for varehuset Brødrene Wangen.

Vi har i e-post dagsett 15. oktober fått utsett uttalefrist til den 29. oktober, og i e-post 31. oktober ny frist 31. oktober.

Både Riksantikvaren og fylkeskommunen uttalar seg sterkt kritisk til planane, ikkje minst i høve til den freda kyrkja. Reguleringsplanen opnar for ei byggehøgd som hindrar siktlinjene mellom sjøen og kyrkja. Dette vil gå ut over den freda kyrkja sitt uttrykk som signalbygg på staden i dag, og fjerna historiske siktlinjer frå fjorden mot kyrkja. Det vil også hindra utsynet frå kyrkja mot fjorden. Etter vårt syn, kan ein ikkje byggja noko særleg høgare enn dagens bygg.

I planomtalen står det (s. 28): *Alle tiltak innanfor 60-meter sona til Vangen kyrkje skal leggjast fram for kulturminne-styresmaktene til uttale, jf. kyrkje rundskriv T - 3/2000 . All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen.*

I føresegnene er ikkje alt dette teke med, der står det (pkt. 2.69: *Ved all planleggjing av tiltak i kyrkja sine nære omgjevnader (jf. Kyrkjerundskriv T – 3/2000) skal det takast omsyn til kyrkja si plassering og verknad i landskapet.*

Det må presiserast i vedtektene at biskopen skal godkjenna bygging nærare kyrkja enn 60 meter. I saker om bygging nærare ei *freda* kyrkje enn 60 meter, skal biskopen høyra Riksantikvaren før han gjer sitt vedtak. Med grunnlag i Riksantikvaren si fråsegn i denne saka, kjem biskopen ikkje til å godkjenna bygg etter dei planane som ligg føre no. Ei godkjenning ville vera i strid med nasjonale kulturminneinteresser knytt til Aurland mellomalderkyrkje.

Bjørgvin bispedømeråd melder på grunnlag av dette motsegn til reguleringsplan for Varehuset Brødrene Wangen.

Postadresse:
Postboks 1960, Nordnes

5817 BERGEN

E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no
Web: https://kyrkja.no/bjorgvin/

Org.nr.:818 066 872

Telefon: +47 55306470
Telefaks: +47 55306485

Sakshandsamar
Jens Z. Meyer

Med helsing

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Riksantikvaren	Pb. 8196 Dep	0034 OSLO
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Aurland kyrkjelege felleråd	Helabrotet	5745 AURLAND

Mottakarar:

Aurland kommune	Vangen 1	5745 AURLAND